

NR. 2

FEBRUAR 1984

17. ÅRG.




Jesus har tid, også for deg

I Joh. 4 leser vi om Jesus i samtale med den samaritanske kvinnen.

Vi vet at jøder og samaritaner ikke hadde samkvem med hverandre.

Vedlegg:


Til s.2. *Sjå nærare presentasjon på s. 6-9.*



Innsamlinga til kyrkjelydshus i Arna startar opp for fullt

Tanken om eit kyrkjelydshus i Arna har vore levande i mange år. Dei siste åra har ei nemnd vore oppnemnd og konkrete planar har etter kvart byrja ta form. Det er utarbeidd teikningar, kostnadsoverslag og oversikt over dei aktivitetar som vil få plass i eit slikt hus. I Arna kyrkjelyd går det føre seg mange ulike aktivitetar og behovet for eit hus er stort.

**BANKGIROBLANKETT FOR GÅVE TIL
KYRKJELYDSHUSET TIL ALLE I ARNA SOKN**



Har vi sten i våre hender

*Har vi sten i våre hender
når vi møter den som falt?
Har vi dom i våre øyne
sa vårt blikk blir hardt og kaldt?
har vi glemt vår egen krise
og vårt eget nederlag,
og det regnskap vi må vise
på vår egen oppgjørsdag?*

*Vi vil slippe våre stener.
Vi vil rekke frem vår hand.
Kristus mildner våre øyne
når han gir oss av sin and.
Vi har alle falt i støvet.
Alle trenger vi en bror.
Han som elsket, ber oss prøve
a gi varme til vår jord.*

Liv Nordhaug

Jesus har tid... (frå side 1)

De ble sett på som fiender. Ikke rart at kvinnen undret seg over at Jesus, som var jøde, ville snakke med henne. Men Jesus viste at han brydde seg om henne, og han hadde tid. Han så at hun hadde det vondt og at hun trengte hjelp. Så fikk hun del i det levende vann og ble en tilgitt synder. Denne opplevelsen med verdens Frelser ble vendepunktet i hennes liv.

Det som hadde vært ærendet hennes, nemlig å hente vann i brønnen, betydde ikke noe for henne lenger. Hun lot vannkrukken stå, og sprang avsted og fortalte om Jesus. Det skulle vel ikke være Messias? Det var Messias.

Livet hennes var forandret, og Jesus fikk bruke henne i sin tjenesten, nemlig å vinne sjeler for himmelen. Mange kom til tro på Jesus på grunn av det kvinnen fortalte, og de kunne vitne: Vi vet at han virkelig er verdens Frelser.

Også du kan få et møte med Jesus. Han har tid for deg og vil gjerne gi deg det levende vannet.

Fine gaver til misjonen

I julenr. av kyrkjebladet hadde vi ei helsing frå misjonær Oddvard Mestad som er misjonslege i Kamerun. I brevet nemnde han at det var bruk for ein rullestol til sjukehuset. Vi har fått fin respons på utfordringa. Vi har fått to pengegaver, ei på kr. 700,- og ei på kr. 1000,-. Dessutan har eit firma som leverer slike artiklar, tilbode ein rullestol. Rullestolen er sikra, og vi reknar med at midlane som har kome inn kan nytast til noko i same retning. Kan hende vil vi greie å skaffe ein rullestol til. Vi har tatt kontakt med Oddvar Mestad om dette, og vi kjem tilbake til denne saka seinare.



KVINNENES INTERNASJONALE BØNNEDAG

Møte i Arna bedehus fredag 2. mars kl. 18.00. Vitnemål, bøn og song.

Årsfest i Arna Kyrkjelyd

Årsfesten for Arna kyrkjelyd vert i Arna bedehus 19. februar kl. 19.00. Arna kyrkjekor vert med. Talar lektor Solfrid Storøy. Emne: Bibelen – Guds ord og menneskeord. Bevertning. Alle er velkomne.

Musikkandakt

i Arna kyrkje
onsdag 29. febr. kl. 19.30
YTRE ARNA KYRKJEKOR
ARNA KYRKJEKOR
INGJERD GRØM, orgel
ANDAKT

EVANGELISK AKSJON

I tida 13.-19. februar

er det evangelisk aksjon i Ytre Arna kyrkje. Møte kvar kveld kl. 19.30.

Marit Stokken og Irene Krok-eide talar og syng. Andre songarar vert og med.

Treng du skyss kan du ringja:
Fylkesnes tlf. 24 22 87
Stein tlf. 24 26 57
Vesetvik tlf. 24 24 42

Fastegudstenester 1984

Onsdag 7. mars (askeonsdag):
Ytre Arna kl. 19.00: Sokneprest Sellevold. Solosong. Nattverd.
Ytre Arna kyrkje kl. 19.30:
Res.kap. Sundsbø.

Onsdag 14. mars:
Arna kyrkje kl. 19.00: Sokneprest Øy. Arna Ten Sing.
Takvam kapell kl. 19.00:
Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Onsdag 21. mars:
Arna kyrkje kl. 19.00: Res.kap. Sundsbø. Betania Ungdomskor. Nattverd.

Tirsdag 27. mars:
Ytre Arna kyrkje kl. 19.30:
Sokneprest Øy. Ytre Arna Kyrkjekor.

Onsdag 28. mars:
Arna kyrkje kl. 19.00: Sokneprest Øy. Solosong.

Onsdag 4. april:
Arna kyrkje kl. 19.00: Res.kap. Sundsbø. Arna Kyrkjekor. Nattverd.
Trengereid kapell kl. 19.30:
Sokneprest Øy. Nattverd.

Kyrkjelydstreff

26. februar: kombinerer vi ungdomsgudsteneste/kyrkjelydstreff i Indre Arna.

Vi samlast i kyrkja kl. 18.30 til gudsteneste, og held fram med kyrkjelydstreff i bedehuset etterpå.

Daniel stolte på Gud


(i løvehulen) (Dan. 6)



*Vag a stå som Daniel
hjelp fra himlen vent!
Fatt som han et hellig forsett
gjør det fritt bekjent.*

Hilsen klasse 2B, Garnes skule

På kryss og tvers om: BØNA



LODDRETT:

1. Herrens bøn.

VASSRETT:

1. Ei form for bøn.

2. Gud ynskjer å vera ein god ---
for oss.

3. Gjer dei fleste med hendene
når dei bed.

4. Herre, lær oss å --- (Luk. 11.1)

5. Ei form for bøn.

6. Livet er ei --- fra Gud.

7. Men legg alt de har å be om,
fram for Gud i bøn og ----- med
takkseiing. (Fil. 4.6)

8. Den som bed, han ----- (Matt.
7.8)

Svar s. 14.

Bli med i barnekor!

I høst startet Arna kyrkjjes barnekor opp igjen etter å ha ligget nede i en tid. Foreløpig har det dukket opp 10-12 barn som er ivrige etter å synge, men det er fremdeles mange ledige plasser i koret. Etter litt prøving fram og tilbake, har vi landet på onsdag som fast øvingsdag. Øvelsene varer fra kl. 17.00-18.00. I tillegg til de vanlige øvelsene tar vi sikte på å synge på familiegudstjenester, høgmesser og forskjellige arrangementer i menigheten. Noen kosekvelder skulle det også bli plass til!

Går du i 3. klasse eller mer, er du hjertelig velkommen til korøvelse hver onsdag i kirken!


Organisten i kirken — for tiden, Ingjerd Grøm, — leder koret.

Misjonsveke i Ytre Arna

1 Det vert misjonsveke i Ytre Arna og Haugland 12.-18. mars. Bysekretær Helge Ekeland i Det Norske Misjonsselskap vert med på alle møta.

Måndag og onsdag vert møta på Ytre Arna Bedehus. Tysdag og torsdag på Haugland Bedehus. Søndag er det familiegudsteneste i kyrkja og avslutning i samband med «Heile kyrkje-lyden syng» om kvelden.

KYRKJELYDSHUS I ARNA



INGEN NY TANKE

Tanken om kyrkjelydshus i Arna er ikkje ny. I mange år har det vore snakka om å få kyrkjelydshus. Sokneprest Einar Tesdal starta også ei innsamling for å få midlar til å reise eit slikt hus. Arra sokneråd har tatt opp arbeidet på nytt, og vi vonar at det denne gongen skal la seg gjere å få reist bygget.

KYRKJETUN

Tomt og teikningar er klare. Vi har fått plass til huset i tilknytning til kapellet som ligg på sørsida av kyrkja. Kyrkja, kyrkjelydshuset, og Borgstova vert då ei naturleg eining og vi vil få eit fint kyrkjetun i Arna.

KVIFOR I INDRE ARNA?

Det er dei som seier at vi skulle byggje huset ein stad i kyrkjelyden der det ikkje er forsamlingslokale frå før. Eg kjenner meg trygg på at plassen ved kyrkja vil verte eit naturleg sam-

lingspunkt for arbeidet i kyrkjelyden. Dersom vi byggjer kyrkjelydshus ein anna stad, vil kyrkjelyden verte enno meir oppdelt enn han er i dag.

NOK MED ARNA BEDEHUS?

Ein del vil svare ja på dette spørsmålet. Men det viser seg at Arna Indremisjon idag treng huset sjølve til sitt eige arbeid og det er grunn til å tru at dei vil få stadig meir bruk for lokala sine.

KYRKJELYDSHUS FOR ALLE

Når lag og organisasjonar byggjer sine egne hus, vert det dei som høyrer til der, som kjenner seg heime der. Kyrkjelyden omfattar dei fleste i Arna og vi treng eit hus der alle kan kjenne seg heime og vere velkomne.

VI TRENG DET FOR FELLESKAPET SI SKULD

Kyrkjelydshuset skal hjelpe oss til å få eit nærare fellesskap i kyrkjelyden. Det skal vere ein stad der born og unge kan finne

eit kristent miljø. Vi har påtatt oss eit ansvar for at dei får vekse opp i kristen tru. Ein stad å samlast er vesentleg for å kunne gjere godt arbeid.

Men kyrkjelydshuset skal naturlegvis vere ein stad for folk i alle aldrar. Det er ikkje berre dei som veks opp, som treng eit kristent miljø. Vaksne treng det og.

Kyrkjelydshuset vil hjelpe oss til å arbeide vidare på grunnlag av det fellesskapet vi har i gudstenesta.

VI GREIER DET – DERSOM VI VIL!

Dette er eit stort prosjekt. Det vil røyne på kreftene før vi er ferdige. Men vi vil satse frimodig. Vi trur at vi har ein kyrkjelyd bak oss. Utfordringa til å vere med vil nå dykk alle i ei eller anna form. Vi vonar du vil vere aktivt med på dette. Vi byggjer for kyrkja si framtid i Arna.

Vi ber Gud signe arbeidet med kyrkjelydshuset.

Øyvind Øy

Økonomi

Det har over ei tid vore samla inn ein del pengar utan at vi endå kan seia at innsamlinga har vore samordna.

Noko har likevel skjedd: På Unneland, merk dykk det, er den fyrste kyrkjeringen starta, og dei hadde før jul si første messe.

Kyrkjeplettane kom også i sal før jul og salet har gått bra, men vi har mange att endå. Ofringane i kyrkja øymerka for kyrkjelydshuset har også kome i gang, og i kyrkjebladet denne gongen er det også lagt inn ein bankgiro, der alle kan senda sine små og store gåver.

Ser vi på alt dette, og tenkjer etter, vil vi sjå, at medan vi samlar inn, går tida, og prisane på huset stig, ja pengebehovet stig faktisk med 70.-80.000 for året, det vil med andre ord seia at vi må finna andre måtar å skaffa oss desse midlane på.

Kva er så pengebehovet?

Vi har fått inn pris på omlag 1.7 mill. kroner. Dette er då fullt ferdig med nøkkelen i døra. Det går sjølv sagt an å spare inn mykje

her, så vi har tenkt oss at vi må ha ein startkapital på 1 mill. før vi kan gå i gang å byggja. Det vil vera nok til å få ein fin framdrift på huset, og vi vil dermed spare byggekostnader.

Korleis reiser vi så desse midlane?

Økonominemnda har vore innom fleire alternativ her, mellom anna lån på skattefri banksparing med lånerett. Vi kunne på den måten få eit gjeldfritt hus innan 10 år, men ser vi på at vi må ut med kr. 135-140 tusen for året i renter, seier det seg sjølv at det vert tungt å bera økonomisk, så lenge vi ikkje har meir enn 15.-20.000 i faste innkomer på huset for året.

Vi har derfor stansa ved ei finansiering basert på innskot. Størrelsen på innskotet er då avhengig av kor mange som vert med. La oss derfor tenkja tanken ut: 100 stk. tek eit innskot på kr. 10.000 og vi har straks 1 mill. kroner. Alle kan vel ikkje ta så mykje, men det er rom for mindre summar, men framfor alt, det er også rom for større.

Sjølvsagt har vi ikkje 5 eller 10 tusen kr. liggjande å venta på

dette føremålet, men der har vi inngått ein avtale med Vestlandsbanken om at ikkje nokon treng å mangla midlar. Du treng ikkje ha korkje kundeforhold eller garanti fpr å få låna pengar i Vestlandsbanken til dette formålet, den einaste betingelsen er at pengane du låner, vert førd over på kontoen til kyrkjelyds- huset med det same lånet vert teke opp. Rentene for desse låna vil sjølvsagt kunne trekkjast frå på sjølvmeldinga på vanleg måte.

Vi viser her eit eksempel på kor mykje dette utgjer i avdrag og renter år. mnd., og vi må vel vera samde om at dette er små summer til eit stort formål.

EKSEMPEL:

For lån på 10.000,-.

Alt. I Nedbetalingstid 10 år kr. 185,- pr. mnd.

Alt. II Nedbetalingstid 7 1/2 år kr. 210,- pr. mnd.

Alt. III Nedbetalingstid 5 år kr. 260,- pr. mnd.

Kjære kyrkjelyd!

Lat oss gå saman om dette, vi maktar det dersom vi vil. LA OSS TA STEGET INN I EIT ENDÅ BETRE FELLESKAP. Tenkjer vi oss om, er dette ein einestående sjanse for kyrkjelyden vår til å investera for framtida, der born og borneborn vil hausta fruktene av arbeidet vårt.

Vi trur det er verdt innsatsen. Dersom du kan tenkja deg å vera med, kan du ringja kyrkjekontoret, tlf. 24 04 00, eller Erling Osland tlf. 24 09 34, så vil du kunne få nærare orientering, vi vil også freista å nå den enkelte på ymse vis.

Helsing
Økonominemnda for
Kyrkjelydshuset



Bankgiroblankett er lagt ved bla- det til alle i Arna sokn.

BEHOV

I ein kyrkjelyd på storleik med Arna vert konfirmantundervisninga eit omfattande arbeid som krev tenlege lokaler. I eit undervisningsår reknar ein med at det vert omlag 80 samlingar. Anna ungdomsarbeid som Tensing, speidararbeid og barnekor vil kunna få gode tilhøve i det nye huset. Kyrkjekoret og andre song- og musikkrefter vil få sin faste plass her. Av andre aktivitetar som vil få sin faste plass i huset kan nemnast kyrkjelyds-

treffa og kyrkjekaffien etter gudstenestene. Kyrkjelyds- skulen og søndagsskulen vil kunna få betre arbeidstilhøve i eit nytt hus. Det er og planar om eldreklubb om føremiddagane.

Kommunen kjem til å leige rom i huset til kyrkjegards- arbeidarane. Elles vil det sjølv- sagt verta høve for organisa- sjonar og lag til å leiga huset til ulike samkomer. Private vil og få høve til å leiga huset til til- dømes konfirmasjon, grav- ferder, bryllaup og ymse anna.

Ny sokneråds- formann

Leif Grøteide er frå januar 1984 soknerådsformann i Arna.




Leif Grøteide

Han er fødd på Tysnes men har no i 14 år budd i Arna. For 2 år sidan vart han vald inn i sokne- rådet for første gong, men han kjenner arbeidet frå andre ar- beidsgreiner i kyrkjelyden frå før.

Til dagleg er han å finna som lærar på Garnes ungdomsskule med gymnastikk og samfunns- fag som fagområde.

Sokneråda på tur



27.-28. januar var sokneråda, dei tilsette i kyrkjelydane og formenn i nemnder og utval på tur til Kvamsseter. Tida vart nytta godt til å drøfta arbeidet i kyrkjelydane. Tema var: Kyrkjelyd i fornying, diakonalt arbeid og aktuelle saker i kyrkjelydane. Innleiingar var Johnny Knutsen, Lars Taule, Gunnar Kaaresen og soknerådsformennene.

Det var nyttige drøttingar og ein fekk tid til å ta opp saker som ikkje får så stor plass på dei vanlege soknerådsmøta. Organisten fekk også deltakarane med på å syngja litt — slik biletet viser.

Familieside

DØYPTTE

Arna sokn:

08/01: Magnus Frøland, Øystein Birkeland, Simen Sundfjord Otterlei.

15/01: Birthe Breck Helland. Døypet i Biskopshavn kirke.

22/01: Stian Hauge, Christian Gjerdevik Vassdal, Andreas Olav Amble, Marita Hansen, Kathrine Stephansen, Madeleine Haukanes.

VIGDE

Arna sokn:

21/01: Sigbjørn Velure og Grete Kalleklev.

DØDE

Arna sokn:

18/01: Astrid Romslo f. 1896.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

31/12: Ungdomsarb. i kyrkjelyden kr. 826,-

08/01: Inst. for kirke og samfunn (IKO) kr. 1098,-

15/01: Menighetsfak. kr. 883,-

22/01: Kyrkjelydsh., I. A. kr. 1810,-

29/01: Bjørgvin bisped.råd kr. 1754,-

YTRE ARNA:

08/01: Nordhl. Indrem. kr. 1750,-

15/01: Bjørgvin bisped.råd 466,-

22/01: Kyrkjelydsarb. kr. 461,-

ARNA:

Val. Som medlem i Kyrkjeleg Fellesråd i Bergen vart Haldor Romslo vald. Per Eide vart varamann.

Handsaming av årsmeldingar.

Soknerådet har oppnemnt ei rekkje utval som legg fram sine årsmeldingar. På eit møte var representantar frå desse utvala saman med soknerådet og orienterte om arbeidet. Vi nemner her utvala: Kyrkjekoret, Diakoniutvalet, Nemnda for Takvam kapell, Ten Sing, Dagheimen, Økonominemnda for Kyrkjelydshuset, Ungdomsrådet, Nemnda for Trengereid Bedehus-kapell, Fritidsklubben for funksjonshemma, Kyrkjelydsskolen, Nemnda for gudstenestene på Haukeland og Unneland, Kyrkjelydsbladet, Kyrkjelydstreffa, Søndagsskolen i Borgstova.

Det viser litt av det omfemnande arbeidet som vert gjort, og vitnar om trufast innsats frå mange i kyrkjelyden.

Presten
har
ordet



Harald Sundsbø

Endringar i gudstenestene

Det har no kome nokre endringar i ordninga for gudstenestene. Vi har nyleg teke litt av det i bruk i kyrkjene. Endringane er likevel ikkje så store denne gongen. Det er heller tale om ei enkel justering av den ordninga som vart innført i 1977. Det som ein vil lettast leggja merke til er at melodien for «amen» til slutt i gudstenesta er ny. Mange synest den melodien ein hadde, høvde dårleg til melodien for lovprisinga og velsigninga, og difor er den bytta ut med ein melodi som høver betre.

I tillegg har ein no også fått fleire variantar til ulike ledd i gudstenesta. Det gjeld under opninga, nattverden og i avslutninga. Men dette er for det meste i det presten seier, og det vil ikkje verta brukt ved alle gudstenester.

Ein vil også innføra ulike melodiar til det kyrkjelyden syng under «Kyrie» og i samband med nattverden. Melodiane skiftar då etter kva tid i kyrkjeåret vi er inne i. Dette har vi alt kunna brukt noko, slik at det er kjent for mange. Sokneråda skal avgjera kva variantar ein skal bruka når det gjeld ein del av dette.

Det er og kome ny liturgi for

familiegudsteneste og ein arbeider med ordningar for andre typar gudstenester.

Når ein legg så mykje arbeid i dette, er det for å gjera ordninga for gudstenestene betre. Det vil likevel alltid vera ei spenning mellom dette at folk skal kjenna seg att når dei er i kyrkja og det å ta i bruk nye ting. Difor skal ein også gå varsamt fram. Men variantane er komne for å gjera opplevinga av ei gudsteneste rikare. Ei gudsteneste skal vera eit møte mellom Gud og oss. Det møtet kan vera på ulik måte, og difor er det ingen liturgi som kan vera gyldig for all framtid. Mange synest gudstenestene er for «stive» også.

Det som er annleis enn venta, legg me ofte særskilt merke til. Om då stundom nokre få ledd i gudstenesta vert annleis, kan det vera med på å understreka nettopp denne delen av gudstenesta for oss.

MØTE

ARNA BEDEHUS:

23/2: Pensjonistsamvær kl. 17.00.

BETANIA, LONE:

25/2: Ungdomskveld, BUF.

26/2: Møte v/Indremisjonen.

1/3: Møte ved NLM.

3/3: Laurdagssamling.

4/3: Møte ved NLM.

13., 14., 15. og 18/3: NMS-veke.

HAUGLAND BEDEHUS:

13. og 15/3: Møte ved NMS.

YTRE ARNA BEDEHUS:

4/3: Møte ved Indremisjonen kl. 19.00.

12/3: Misjonsfest kl. 19.00.

14/3: Møte ved NMS kl. 19.30.


NYTT FRÅ SOKNERÅDA

YTRE ARNA:

Konstituering. Soknerådet konstituerte seg for 1984 med attval av Eli Mohn som formann og Per Sæle som nestformann. Kåre Revheim vart kasserar.

Årsfesten. Søndag 5.2. var det årsfest i kyrkjelyden. Årsmeldinga frå soknerådet gav eit lite oversyn over arbeidet i året som gjekk. Rekneskap for kyrkjelydshuset og soknerådet vart lagt fram. Ellers var det ulike programminslag. Kyrkjeringen hadde trekning i utlodninga til inntekt for kyrkjelydshuset. Det gav ei inntekt på litt over 5.500 kr.

Offerkorgar i kyrkja. Offerkorgene er små og lite tenlege. Soknerådet gjorde vedtak om å prøva å få laga 2 nye i tre.



Misjons- fest i Arna



Sundag den 15. januar gjekk den årlege misjonsfesten av stabelen i Arna Bedehus.

Fleire misjonsorganisasjonar slår seg saman og arrangerer ein felles fest. Og misjonsvenene fylte bedehuset i år også. Ecuadormisjonær Sylvia Toppe talte og det var song av Arna Kyrkjekor og Arna Ten-Sing. Alle Arnamisjonærane er ute på feltet no, og difor vart det ikkje høve til å ha nokre av dei på misjonsfesten i år. Likevel fekk vi helsingar frå alle misjonærane «våre».

Ved misjonsofferet kom det inn ca. 4.200 kr. og desse pengane vart delte mellom Det Norske Misjonsselskap, Norsk Luthersk Misjonssamband, Den Norske Santalmisjon og Den Norske Tibetmisjon.

Også i år vart det ein hyggeleg fest og vi gleder oss over at vi får høve til å koma saman om misjonen.

19. FEBRUAR

bibeldagen

Bibelen heim til Midt-Austens folk.

Bibeldagen er eit fellestiltak der dei kristelege organisasjonar og andre kyrkjesamfunn saman med bibelselskapet går saman om å hjelpe til med spreiding av Bibelen i andre land. På denne dagen er det innsamling til eit bibelmisjonsprosjekt — i år i Midt-Austen. I Arna vart det offer til dette i begge kyrkjene den dagen.

Midt-Austen er stadig i brennpunktet. Spaning og konflikthar gjer at heile verda er opptekne av dette urolige hjørnet på verdskartet.

Midt-Austen har noko særskilt å seie for oss på anna vis og. Det er her dei bibelske hendingane vart utspela. Det var her dei gamle patriarkane og profetane ferdast, det var her Frelsaren Jesus Kristus levde, og det var frå desse landa etterfylgjarane hans drog ut i all verda med evangeliet om Guds rike.

Difor kan det vere eit tankekors at Bibelen i dag har særleg tronge kår nett i Midt-Austen. Bibelarbeidet får kjenne hindringar og motstand på mange vis.

Det Norske Bibelselskap har sett det som ein spesiell utfordring å stø bibelselskapa i Midt-Austen i 1984. Dei fortener hjelp, for dei er opptekne av det målet som ligg i aksjonsmottoet for Bibeldagen 1984:

«Bibelen heim til Midt-Austens folk!»

Det er bibelselskapa i Libanon, i Egypt, i Israel og bibelselskapet som arbeider på Vestbredden og i Gaza som skal få eit handslag frå norske kristne. Målet er å hjelpe til med å skaffe biblar og bibeldelar det er skort på. Like viktig er det å gi eit handgripeleg teikn på solidaritet med nokre som gjer ei trufast teneste under særleg vanskelege tilhøve.

Reise til Israel

25.3-4.4

Reiseleiar Olav Hesjedal og Karl Hovden.

Pris pr. person kr. 7.060,-.

Nærare opplysningar hjå Bennetts reisebyrå, Bergen, tlf. 32 24 00 eller Olav Hesjedal, tlf. 24 01 17.

Lege i Arna:

Lege

Frydis Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.

Telefon 24 07 00.

Kontortid:

Tirsd., onsd., torsd., fred.

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Religionsviter:

Ingen felles kjerne i religionene

JESUS VAR ENESTÅENDE

— «Alle religioner har en felles kjerne», seier mange, men sett fra et religionsvitenskapelig synspunkt er dette helt galt. Man må faktisk forandre på kjernen i religionene for å få denne populære tankegangen til å stemme, sier fakultetslektor Arild Romarheim ved Menighetsfakultetet i Oslo.

— Ved første øyekast kan det se ut som om Jesus ikke var noe enestående, fortsetter Romarheim. — Jesus kunne føyes inn i rekken av store menn som har gjort krav på å eie sannheten som f.eks. Buddha, Muhammed og Shankara. Men ser man nøyere etter, vil en oppdage hvor forskjellige religionene egentlig er.

— Hva slags ulikheter er dette?

— Det som særpreger Bibelens evangelium er at Gud er trofast selv om menneskene er troløse. Dette står i sterk kontrast til «Krishna» i Hinduismen og «Allah» i Islam som har en vilkårlig frihet. Forskjellen mellom kristendommen og de andre religionene kommer også tydelig fram i synet på Guds vrede. De andre religionene regner med at vreden er en egenskap som springer ut av guddommen selv, og muslimen sier f.eks. at det er et åpent spørsmål om han blir frelst selv om han skulle praktisere religionen fullkomment. Det nye testamentet derimot forteller oss at det ikke finnes forandring i Guds vesen. Gud er

godhet og kjærlighet og det ondes kompromissløse fiende.

Det er når vi synder, at Gud blir vred. Gud som selv er kjærlighet, reagerer voldsomt på alt som ikke er kjærlighet.

— Hva er det som er enestående ved Jesus?

— Det er at Jesus gav seg ut for å være ett med denne gode Gud. Buddha forkynte om læren, og Muhammed forkynte om guddommen. Men Jesus forkynte seg selv. Han var selv veien og sannheten i egen person. Han kom selv for å bli gitt til en løsepenge for syndere. Jesu offer på Golgata regner Gud som en renselseskilde for alle som vil tro.

Hvis menneskene blir frelst ved god moral, herlige opplevelser og mystikk, skulle det være gode muligheter for frelse i alle religioner. Men dersom det demrer for deg at du aldri vil nå fram med dette, har du bare en mulighet: Evangeliet for dem som ikke får det til. Verken Buddha, Shankara eller Muhammed var en løsepenge for menneskenes synder. De ga seg heller ikke ut for å være det. Tanken om religionene felles kjerne er altså populær, men helt uholdbar, sier Arild Romarheim.

Hugs kontingenten!

Kyrkjelydsbladet hadde for 1983 eit underskot i rekneskapet på ca. 1.000 kr. trass i at vi sparte mykje i portoutgifter.

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN
Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.
VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**ESPELAND
GARTNERI**

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørger
oppsett.

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN
**VEST**
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår
bensinstasjon!*

Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon: 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje



- 19/2 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Bibelselskapet. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Bibelselskapet.
- 26/2 Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Det norske misjonselskap.
Arna kl. 18.30. Ungdomsgudsteneste v/Målfrid Sandvik.
Ytre Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste.
Trengeid kapell kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø.
Unneland kl. 16.30. Sokneprest Øy.
- 4/3 Arna kl. 11.00. Pastor Hans Jørgen Morvik. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 7/3 Arna kl. 19.00. Fastegudsteneste. Sokneprest Sellevold Solosong. Nattverd.
Ytre Arna kl. 19.30. Res.kap. Sundsbø.
- 11/3 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kirkens SOS.
Ytre Arna kl. 11.00. Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Stiftsenteret.
- 14/3 Arna kl. 19.00. Sokneprest Øy. Arna Ten Sing.
Takvam kapell kl. 19.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 18/3 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Israelsmisjonen. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap. Yngste Røster.
Ytre Arna kl.19.00: Heile kyrkjelyden syng

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Ivarsen, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jepsensv. 39: Tlf. 24 23 03.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 3: 1. MARS